



Dialogmøte og medverknad til revidering av kommuneplanen sin arealdel

## Lag og organisasjonar

Stad: Digitalt møte

Tid: 05.05.2021 kl 17-1830

---

Møtet var delt i to mellom Friviligentralen og plan og utviklingsavd.

Desse deltok:

- Bygland Ungdomslag
- Bygland Filmklubb
- Bygland Husflidslag
- Bygland jeger- og fiskarlag
- Bygland IL
- Bygland Dramatiske selskab
- Kong Hanes eftf.
- Nei til vindkraft i Setesdal

### Orientering om Foreiningsportalen og Tilskotsportalen

- Deltakarane var positive til å ta i bruk Foreiningsportalen, <https://foreningsportalen.no/>
- Oppfordring til alle lag og organisasjonar om å nytte Tilskotsportalen,  
<http://www.tilskuddsportalen.no/>
  - Ta kontakt med Friviligentralen dersom du treng hjelp
- Friviligentralen dekker kostnaden med begge løysingane

### Innspel til Friviligentralen og Bygland kommune

#### Bygland Husflidslag

- Behov for lokale til vevstolar, lager og kursverksemnd
  - Forslag frå deltakarane
    - Løa på Presteneset, ungdomshuset, Ose grendehus (blir brukt til kurs i dag)
  - *Kommentar:* Det er starta eit arbeid med å sjå på bruk av kommunale bygningar og den prosessen vil avklare kva for lokale som vil vere disponibile på sikt.
- Oppdatere informasjonsskilt i kommunen
  - Bruke digitale skilt eller QR-kode

#### Bygland Dramatiske selskab

- Behov for lokale til lager
  - *Kommentar:* Det er starta eit arbeid med å sjå på bruk av kommunale bygningar og den prosessen vil avklare kva for lokale som vil vere disponibile på sikt.

## Bygland jeger- og fiskarlag

- Stort økonomisk løft å gjennomføre planarbeid inkl konsekvensutgreiing
  - Kan BK sjå på moglegheit for å bidra til realisering av reguleringsplanar gjennom f.eks tilskot?
  - Er det mogleg å forenkle omfanget av planarbeidet?
  - Er det eit alternativ å fjerne saksbehandlingsgebyr for lag og organisasjonar (frivillige)?
  - *Kommentar:* Det er mogleg å søkje om kulturmiddlar.

## Bygland IL

- Støttar Bygland jeger- og fiskarlag sitt innspeil om planarbeid.

## Innspeil til revidering av kommuneplanen sin arealdel

### Bygland jeger- og fiskarlag

- Ønskjer å etablere ny skytebane
  - *Kommentar:* plassering vart ikkje foreslått i møtet

## Bygland IL

- Ønskjer å etablere endurobane på eigedomsteig ved Nesmoen
  - Planarbeid er i gang
  - Formål vil eksempelvis vere kombinert LNF/motorsport i reguleringsplanen
- Frisbeegolfbane
  - Ikkje konkret forslag til plassering, men deltakarane kom med følgjande forslag
    - Nesmoen, baksida av Kvålsnapen, Grendi, Vassend, Reiårsfossen camping, område ved Ridehallen

## Bygland Husflidslag

- Ønskjer at nordre del av Presteneset (Sumpen) blir oppretthalde og utvikla som friområde
- Etablere trygg kryssing av rv9 ved gamle Prestegarden
- *Kommentar:* Begge punkta over inngår i gjeldande reguleringsplan for Presteneset, men innspeila blir teke med i prosessar dei høyrer til
- Skøytebane, islegging av område
  - Forslag til plassering er den gruslagde parkeringsplassen ved kyrkja eller ved idrettsbanen
- Etablere fiskeplassar langs fjorden
  - Inkl plassar med universell utforming
  - Høyre med lokalkjente fiskarar om plassering

Tusen takk for gode bidrag og arbeidet de gjer til det beste for kommunen!

06.05.2021, referat: Sonja Lien Skjevrak